

KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORNMIDLAR I 2016

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Prosjektnamn

Brukarmedverknad for barn og unge – metode for innhenting av erfaringar og involvering av barn og unge i Helse Førde

Prosjektnummer

1211

Prosjekteigar (helseføretak, avdeling og eining som er ansvarleg for prosjektet)
Svein Ove Alisøy, klinikkdirektør Psykisk Helsevern

Prosjektleiar (kontaktperson)

Prosjektleiar :Petter Ratvik petter.frantzvag.ratvik@helse-forde.no - miljøterapeut UPH Helse Førde

Kontaktperson: Solveig H Berget , avdelingssjef

Barneavdelinga solveig.horstad.berget@helse-forde.no og Toril Taklo, avdelingssjef UPH toril.taklo@helse-forde.no

Kort om bakgrunnen for prosjektet. Kva er det ein ønskjer å forbetre?

I nasjonal helse og sjukehusplan 2016-2019 går det fram at regjeringa ønskjer ungdomsråd ved alle sjukehus. Barneombudet konkluderer i si undersøking i 2013 at «*ungdom har få muligheter til å bli hørt og få innflytelse på egen hverdag på sykehuset*».

Brukarmedverknad kan definerast på tre nivå :

1. Individnivå

- Påverknad, involvering og medbestemming i eigen behandling, kva er viktig for meg som pasient i mitt møte med helsetenesta og min behandling.

2. Tenestenivå

- Brukar som endringsagent, og høve til å delta og påverke i forbetringar /endringar av tenestetilbod med meir.

3. Systemnivå

- Brukarrepresentant – som skal ivareta interessene til dei gruppene dei representerer.

«*Pasientene er de viktigste endringsagentene for å utvikle tjenestene. Derfor er det viktig at de kan medvirke aktivt i tjenesteutforming, i eget behandlingsopplegg og i hvordan tjenestene kan utvikles for å gi bedre service og tilgjengelighet*» Bernt Høye –desember 2013.

Barn og unge under 18 år er ikkje representerte som brukarar på teneste og systemnivå i Helse Førde, og det er i dag liten eller ingen tilgang på denne målgruppa sine innspel og erfaringar. Brukarutvalet skal sjølvstøtt ivareta denne pasientgruppa til liks med alle andre pasientgrupper, men det er i dag ikkje noko eigen ungdomsrepresentant i Brukarutvalet. I utviklinga av pasienten si helseteneste, samt i dagens drift, må vi sørge for at alle stemmer blir høyrde.

Brukarmedverknad frå barn og unge vil understøtte pasienttryggleiken for denne gruppa i utviklingsarbeidet som ligg føre oss. Mange av barn og unge som er brukarar av helsetenesta er gjerne pasientar som har fleire og samansette behov. Overgang frå barn til vaksen er ein stor i helsetenesta og, og det er viktig å få informasjon og kjennskap til desse brukarane sine behov når dei er på sjukehuset, heime og skule mm. Tilrettelagt behandling og tenester kan

vere både førebyggjande , sikre raskare betring og auke tryggleiken rundt behandling av barn og unge.

Det er difor eit behov å undersøkje kva metodar for brukarmedverknad for barn og ungdom som finnast ,og undersøkje kva modell som vil vere best eigna i Helse Førde, både med omsyn til organisering, møtearena, innhald og drift, og at vi sikrar denne pasientgruppa å bli høyrd. Brukarutvalet i Sogn og Fjordane har ein sterk samhandlingsprofil og er litt annleis samansett enn det retningslinjene for brukarutval i Helse Vest seier. Ved ei etablering av eit ungdomsråd eller utval, vil ein og ha fokus på samhandling .

Det er stor variasjon i kva grad denne pasientgruppa blir medverkande på individnivå , og det er behov for auka fokus på dette.

Dette prosjektet skal undersøkje og legge fram forslag for modell for brukarmedverknad for barn og unge i Helse Førde. Dette for å sikre:

- brukarmedverknad for barn og unge på teneste- og systemnivå
- deltaking av barn og unge i arbeidet med forbetring og utvikling av helsetenestene generelt og deltaking i Pasienten si helseteneste spesielt.
- den demografiske samansetjinga i opptaksområdet og breidda i dei aktuelle pasientgruppene.
- barn og unge sin representasjon der det er nødvendig og naturleg
- samhandlingsperspektivet for helsetenesta til barn og unge

Korleis skal forbetringa gjennomførast?

- Behovsanalyse/identifisere problemstillingar – i Helse Førde og opp mot kommunehelsetenesta.
- Få oversikt og kontakt med ulike brukarorganisasjonar for barn og unge .
- Tileigne kunnskap om eksisterande og mulige modellar for brukarmedverknad for barn og unge , og erfaringar som er gjort
 - Kartlegge optimale kommunikasjonsmetodar for ungdom.
 - Kartlegge behov for involvering av eksisterande ungdomsråd i kommune og fylkeskommune.
 - Ulike metodar for å få kunnskap om pasienterfaringar frå aktuell pasientgruppe
 - Teste desse ut modellane/metodane
- Gjennomføre workshops og felles samlingar for barn og unge.
- Etablere koordinatorfunksjon på tvers av somatisk og psykiatri barn og unge, i tillegg til helsesøster/ koordinator barn –unge eller liknande frå kommunehelsetenesta.
- Avklare og etablere rekrutteringsmetodar. Korleis, kven og kvar rekruttere

ungdommar til valt løysing.

- Lage strukturar og sikre samhandling med Brukarutvalget i Sogn og Fjordane .
- Måle resultat; er brukarmedverknad etablert, evaluering av tiltaket frå brukarane
- Pilot – utprøving av modell eventuelt fleire modellar

Unge brukarar skal vere med i heile prosessen

Kva skal målast for å følgje om tiltaka ein set i verk blir følgde og har effekt (prosess og resultatmål)?

Dette prosjektet har som mål å auke deltaking og kvalitet på brukarmedverknad knytt til barn og unge. Det vil i første omgang vere vanskeleg å sette opp kvantitative resultatmål, men ein ser føre seg å mellom anna måle på

- Tal samlingar og tal deltakarar.
- Evaluering av samlingane
- Deltaking frå barn og unge i konkrete utviklingsarbeid

Prosjektet må ha fokus på å kunne måle effekt av ulike tiltak som vert iverksett undervegs.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Tiltaka skal utprøvast og eventuelt iverksettast undervegs i prosjektperioden.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Kunnskap og erfaringar frå prosjektet skal formidlast lokalt og regionalt, og vil kunne vere relevant andre sjukehus/institusjonar/tenester for barn og unge regionalt og eventuelt nasjonalt.

Oppstarttidspunkt (planlagt) - medio august 2016

Sluttidspunkt (planlagt) - desember 2017.